



Arkitektkontoret 21
Sandviksboder 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/114 - 16/898

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/96 Hilland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om eitt trinn løyve den 10.11.2015. Søknad om dispensasjon sendt Statens Vegvesen for uttale.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Fråvik frå TEK 10, § 14 energikrav. Det må dokumenterast kva for nokon energikrav det søkast fråvik frå og samtidig må det begrunnast kvifor det søkast om fråvik.
2. Gjennomføringsplan må innsendast.
3. Fasadeteikninga mot sør er ikkje i samsvar med plantekning. Plantekning viser vindauge, mens fasadeteikning viser ikkje vindauge. Utan vindauge stillast det spørsmål om det er gode nok lysforhold for kjellaren, jf. TEK 10, § 13-12 Lys.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 09.02.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alejandro Garrido

Hillandsvegen 15 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkitektkontoret 21

Sandviksboder 5 5035

BERGEN